

SVR

Vår dato: 24.09.2018 Vår referanse :

Deres dato: Deres referanse

Vår saksbehandlar: Olav Schrøder

Besøksstrategi for svr 2015-2019.

Saka er handsama på styremøte 01.10. 2018 av NJFF-Aust-Agder.

Vårt syn:

NJFF Aust-Ager ser primært på de områda som er i Aust-Agder då dette er områder vi kjenner, og som vi har i vårt fylke.

Vi er glad det kjem ein samla plan for besøksstrategi for SVR. NJFF-Aust-Agder har vore, og er, redd for at områda har for stor ferdsel med tanke på villreinen. Som det er nevnt i planen, så er villreinen alleire truga på mange områder av både utbygging og ferdsel. Den nye store trusselen kan også kome, CWD.

Det er store datagrunnlag gjennom GPS merkeprosjekta i Setesdal Veshei. Dette er nokon ytterst få dyr av populasjonen som er merka. Vi ber difor SVR også ha dette i mente når dei tek sine avgjerder. Vi ber også SVR om å tenke på at villreinen bruker områder når dei treng det. At områda ikkje er i bruk no og i dei siste åra, betyr ikkje at områda kan bli brukt i framtida. Dette gjeld både vinterbeiter, sommerbeite og kalvingsområder.

Vi er skeptisk til auka ferdsel inn mot Sloaros vinterstid. Grunnen til dette er at området har vore i bruk villreinen vinterstid før. Meir bruk, betyr mindre sjanse for at områda blir brukt i framtida. Vi ber om at "føre var" prinsippet i naturmangfoldloven blir bruka her.

Ellers syns vi det er mykje bra i dokumentet. Vi håper at strategien kan medføre større kunnskap om villreinen, større respekt for villreinen og fleire folk ut i naturen.

For NJFF-Aust-Agder



NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND

Olav Schrøder